



Tenesteoversikt Solund kommune – BTI

| | |
|--|---|
| Pedagogisk psykologisk teneste – PPT for Ytre Sogn og Sunnfjord | Tel:57 73 80 32 |
| Helsestasjon og skulehelsetenesta | Tel:57786282 |
| Barnevernstenesta – HAFS barnevern | tel:57738030 Barnevernsvakt ettermiddag/helg: tel:47457272 |
| Alarmtelefon for barn og unge | Tel:116111 |
| Politi | Tel:02800 Nødnummer:112 Epost: www.politiet.no |

**Barnevernstenesta – HAFS barnevernsteneste**

| | |
|------------------------------|--|
| Kven er vi? | <p>HAFS barnevernteneste har 10 stillingar, og dekker kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.</p> <p>Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Lova skal bidra til at barn og unge møtast med tryggleik, kjærleik og forståing. Lova skal vidare bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstkår.</p> |
| Kva tilbyr vi? | <p>Dei aller fleste tiltak som barneverntenesta set i verk er hjelpetiltak i heimen som har som mål å betre barnet sin kvardag. Dette kan t.d. vere tiltak som;</p> <ul style="list-style-type: none">• Foreldrerettleiing• Barnesamtalar• Observasjon av barn og foreldre• PMTO• COS-P• Besøksheim• Støttekontakt• Deltaking i ansvarsgruppemøter• Ettervern• I nokre tilfelle kan vi vurdere å kjøpe tiltak frå Bufetat, t.d. RFT (relasjonsfokusert familierapi) og MST (multisystemisk terapi) og familieråd.• Frivillig plassering - Hjelpetiltak der barnet/ungdommen flyttast ut av heimen <p>Dersom mindre inngripande tiltak ikkje kan skape tilfredsstillande forhold for barnet kan barneverntenesta fremje sak for Barnevern- og helsenemnda (tidlegare Fylkesnemnda), både når det gjeld akuttplasseringar, omsorgsovertakingar, samvær og adopsjon. Vi har då ansvar for oppfylgings- og tilsynsbesøk.</p> <p>I tillegg til ovannemnde tiltak kan barneverntenesta;</p> <ul style="list-style-type: none">• Ta imot hendingar frå både privatpersonar og offentleg tilsette for å drøfte saker – både anonymt og ikkje-anonymt• Delta på foreldremøter, t.d. i barnehage/ skule, for å informere om barneverntenesta og ulike tiltak• Deltaking i tverrfaglege møter |
| Målgruppe | Barn og unge under 18 år. Vi kan òg tilby ettervern for ungdom inntil dei har fylt 25 år. |
| Korleis kontakte oss? | <p>Telefon: HAFS barnevernteneste sitt hovudnummer er 57738030.</p> <p>I tillegg har alle kontaktpersonar eige nummer som ligg på Fjaler kommune si heimeside.</p> <p>Dersom krisesituasjonar oppstår utanom vanleg arbeidstid kan ein ringe barnevernvakta på tlf. 47457272.</p> <p>Besøksadresse: Fjalerhuset, Dalstunet 20, 6963 Dale Postadresse: HAFS barnevernteneste, Dalstunet 20, 6963 Dale i Sunnfjord Post sendast digitalt til organisasjonsnummer 996267628</p> |
| Aktuelle dokument | <p>https://bekymringsmelding.fiks.ks.no/ https://bekymringsmelding.fiks.ks.no/offentlig</p> |



| Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) | |
|---|--|
| Kven er vi? | PPT for Ytre Sogn og -Sunnfjord er ei interkommunal teneste. Vi server 5 kommunar, Solund, Høyanger, Askvoll, Hyllestad og Fjaler. Basekontoret ligg i Fjaler og vi har eit kontor i Høyanger. Vi er 8 tilsette. |
| Kva tilbyr vi? | <p>Kommunen si pedagogisk-psykologiske teneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeida lovpålagte sakkunnige vurderingar.</p> <p>Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilretteleggje barnehagetilbodet for barn med særlege behov.</p> <p>Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skulane i det førebyggjande arbeidet for å gje eit inkluderande opplæringsstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal</p> <ul style="list-style-type: none">a. støtte og rettleie skulane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengstb. hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringsstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg <p>Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga.</p> <p>PPT kjem til Solund kvar 6. veke der vi deltek i rettleiingsteam med barnehagen og skulen og andre tilsette i kommunen. Der kan barnehagen og/eller skule drøfte problemstillingar med dei som er i rettleiingsteamet. Om barnehagen eller skule treng direkte råd/rettleiing eller kartlegging frå PPT kan dei tilvise til PP-tenesta. I tillegg er PPT representert i konsultasjonsteam i kommunen. PPT kan komme til Solund utanom dei fastsette datoane som er rettleiingsteam, etter avtale.</p> |
| Målgruppe | Barnehage og skule er PPT si næraste samarbeidspartnar og vi utfører tenester som omfattar alle som har rettigheter etter Barnehagelova og Opplæringslova. |
| Korleis kontakte oss? | <p>Alle saker skal drøftast i rettleiingsteam med PPT før barnet/eleven vert tilvist PPT. Ta kontakt med barnehagen/skulen om de treng teneste hos PPT.</p> <p>Telefon: Leiar kan kontaktast på telefon 95255939 eller pr. e post berit.louise.bjornsen@fjaler.kommune.no. Eller nestleiar Ida Fugle telefon 95767177 eller pr e-post ida.cecilie.fugle@fjaler.kommune.no Kontoret vårt er betjent alle dagar i veka unntateke fredag, telefon 57738032</p> |
| Aktuelle dokument | Barnehagelova , Opplæringslova , og informasjon om rettleiingsteam i kommunen . |



Helsestasjon og skulehelsetenesta

| | |
|------------------------------|--|
| Kven er vi? | Helsesjukepleiar. Lege og fysioterapeut er og tilknyttta helsestasjonen. |
| Kva tilbyr vi? | <ul style="list-style-type: none">• Svangerskapsomsorg - svangerskapsundersøkingar og fødselsførebuande kurs (Solund kommune er tilknyttta jordmordtenesta i Kinn kommune)• Faste helseundersøkingar 0-5 år• Temagrupper• Trening for småbarnsforeldre• «Prosjekt bokstart» - i samarbeid med biblioteket• Skulestartundersøking med helsesjukepleiar og lege• Vaksinerings• Vekstmåling• Individuelle helsesamtalar med helsesjukepleiar• Deltak på foreldremøte og undervisningsopplegg i skulen (skulehelsetenesta)<ul style="list-style-type: none">- «Alle har rett til en trygg barndom».- «Psykologisk Førstehjelp»- «Spør først»- Pubertet og undervisning med NOK (Kompetansesenter mot seksuelle overgrep).- Undervisningsopplegg - Psykisk helse.• Råd og rettleiing til familiar som treng ekstra hjelp og støtte• ICDP - foreldrerettleiing• Oppfølging etter behov• Helsestasjon for ungdom(HSU):<ul style="list-style-type: none">- Råd og rettleiing- Tester for seksuelt overførbare sjukdomar (kjønnsjukdomar) eller graviditet.- Rettleiing i bruk av prevensjon og uønska graviditet.- Rådgivning ved til dømes spiseforstyrningar, problem heime eller rusproblem.- Samtale om kjønnsidentitet og seksuell orientering |
| Målgruppe | Tilbod til gravide og barn og ungdom (0-20 år) |
| Korleis kontakte oss? | Helsestasjonen: ligg i 2. etasje på Solund Helsetun, bygget har heis. Kontortid/ telefontid: Mandag - fredag kl. 08.00 - 15.30. Drop-in kvar måndag kl. 09.00 - 11.00. Drop-in-tilbodet er eit ekstratilbod for å imøtekome behov for oppfølging på kort varsel. Skulehelsetenesta: Kontortid på Solund skule: Kvar måndag kl 08.00 – 15.30. Stad: Barneskulen. Helsestasjon for ungdom (HSU): er open kvar torsdag kl 14.00 - 15.30. |
| Aktuelle dokument | Forskrift om helsestasjons- og skulehelsetjenesten |



| Fysioterapi og ergoterapi | |
|----------------------------------|---|
| Kven er vi? | Fysio- og ergoterapitenesta består av ein fysioterapeut (100%) og ein ergoterapeut (100%). Tenestene held til på Solund Helsetun og har tilbod til alle innbyggjarar i Solund kommune. Tilbodet skal sikre at barn og unge får nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt, samt at barn og unge mottar hjelp og rettleiing ved behov. |
| Kva tilbyr vi? | <ul style="list-style-type: none">• Tenesta tilbyr kartlegging av behov for både fysisk trening, rettleiing, samt tilrettelegging av kvardagen der det er behov for ergoterapeutiske tiltak, eks. hjelpemiddel.• Fysioterapi er gratis til born og unge 0-16 år. Ungdom over 16 år må betale eigenandel. Ergoterapi er ei gratis teneste til alle innbyggjarar.• Trening for gravide og foreldre i permisjon kvar veke. Fysioterapeut har også enkelte temagrupper på helsestasjonen.• Fysioterapeut er med på faste konsultasjonar på helsestasjon, ved 4 veker, 4 mnd. og 8 mnd. I tillegg blir barn tilvist til fysioterapeut og/eller ergoterapeut ved indikasjon, både frå fastlege, helsesjukepleiar og barnehage. Foreldre kan i tillegg ta kontakt ved spørsmål eller ynskje om rettleiing eller vurdering.• Fysio- og ergoterapeut tilbyr også individuelle eller generelle/gruppebaserte observasjonar av motorikk/motorisk miljø i barnehage og skule, samt tilpassing av stolar på skule. I tillegg har ein hatt «god skulestart»-prosjekt med fokus på motorikk, fysisk aktivitet og læring. Ergoterapeut har også opplæring i «Skrivedans».• Fysio- og ergoterapeut samhandlar tverrfagleg med aktuelle tenester, t.d. helsesjukepleiarar, PPT, barnehagepersonale, skule, spesialisthelsetenesta og foreldre, for å sikre rettleiing og god oppfølging av barn og unge. |
| Målgruppe | Tenestene skal sikre lovpålagt tilbod om nødvendig tilrettelegging og oppfølging av innbyggjarar i alle aldrar. Ein skal særleg tenke førebygging rundt barn og unge. |
| Korleis kontakte oss? | Fysio- og ergoterapitenesta held til på Solund helsetun. Alle kan ta kontakt direkte via telefon, e-post eller sende tilvisningar på papir. |
| Aktuelle dokument | |



| Nav | |
|------------------------------|---|
| Kven er vi? | Nav Solund har kontor i Hardbakke senter |
| Kva tilbyr vi? | <ul style="list-style-type: none">• Hjelp til å komme i jobb• Stønadar – NAV tilbyr ulike stønadar – sjå meir på nav.no• Arbeidsretta tiltak (frå 16 år)• Hjelpemidlar• Hjelp i naudsituasjonar, til dømes mellombels butilbod eller økonomisk sosialhjelp• Opplysning, råd og rettleiing<ul style="list-style-type: none">- Økonomi og gjeldsrådgiving- Jobb- Familie- og bu-situasjon/heimeforhald• Samarbeid med andre instansar/tenester<ul style="list-style-type: none">- Henvise til andre tenester/instanser- Bistå og delta i arbeidet med individuell plan, ansvarsgruppemøter og samarbeidsmøter• Vurdering av barnets beste i alle saker der barn er involvert (NAV arbeider heilskapleg rundt familiar)• Ungdomsgarantien – ungdom 16 – 30 år• Tett oppfølging av ungdom• Førebyggjande arbeid• Økonomi-dag på ungdomsskulen• Økonomisk informasjon i sosiale media |
| Målgruppe | |
| Korleis kontakte oss? | <p>Telefon: 55 55 33 33 Vakttelefon: 47 70 11 33 mellom kl 09 – 15</p> <p>Besøksadresse: Storehaugen 4D, 6924 Hardbakke</p> <p>Opningstider: Måndag - fredag kl. 09.00 - 14.30 for personar med timeavtale Kvar tysdag kl 11.00 - 13.00 for drop-in utan timeavtale</p> |
| Aktuelle dokument | <p>Ungdomsgarantien i Nav - nav.no Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) - Lovdata Lov om folketrygd (folketrygdloven) - Lovdata Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen (arbeids- og velferdsforvaltningsloven) [Nav-loven] - Lovdata Barnets beste - veileder 20032024.pdf</p> |



| Psykisk helse- og rustenesta | |
|-------------------------------------|--|
| Kven er vi? | Psykisk helse og rustenesta er ein kommunedekkande teneste som gjer hjelp og støtte til personar som har utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rusvanskar. |
| Kva tilbyr vi? | <p>Tenesta er for deg over 18 år som:</p> <ul style="list-style-type: none">• Har psykiske lidningar eller vanskar• Ynskjer hjelp til å handtere rusrelaterte utfordringar• Treng langvarig oppfølging og tilretteleggjing som følgje av moderate eller alvorlege psykiske og/eller rusrelaterte vanskar• Treng hjelp til å handtere ein vanskeleg livssituasjon og til å meistre kvardagen <p>Tenesta arbeider etter ei miljøterapeutisk tilnærming, og oppfølginga vert tilpassa kvar enkelt brukar sine behov, mål og ressursar.</p> <ul style="list-style-type: none">• Hjelp til å lage struktur i og meistre kvardagen• Hjelp til å finne meningsfulle aktivitetar• Støtte og tiltak for betring og meistring• Støttesamtalar• Råd og rettleiing• Kartlegging av rusmiddelbruk og problemområde• Individuell plan, ansvarsgruppe og koordinering av tenester• Hjelp til å finne riktige tenester |
| Målgruppe | Ungdom og vaksne - over 18 år |
| Korleis kontakte oss? | <p>Du kan sjølv kontakte tenesta eller få tilvising frå lege eller andre instansar du er i kontakt med.</p> <p>Kontaktperson: Reidar Kirketeig - telefon 45 97 40 03</p> <p>Legevakt: telefon 116 117</p> |
| Aktuelle dokument | |



| Psykologtenesta | |
|------------------------------|--|
| Kven er vi? | Kommunepsykologen |
| Kva tilbyr vi? | <ul style="list-style-type: none">• Individuell oppfølging, hovedsakleg milde til moderate psykiske vanskar• Foreldrerettlegg• Førebyggjande og helsefremjande arbeid<ul style="list-style-type: none">- kompetanseheving og undervisning knytt til psykisk helse for elevar i skule, på foreldremøte, til ansatte og til småbarnsforeldre i regi av helsestasjon- deltek i konsultasjonar på helsestasjon- ICDP i samarbeid med helsesjukepleiar• Rettleiing til andre yrkesgrupper<ul style="list-style-type: none">- for eksempel helsesjukepleiar, ansatte i barnehage og skule• Tverrfagleg samarbeid<ul style="list-style-type: none">- del av rettleiingsteam i barnehage og skule- bistand i saker om angår barn og unges psykiske helse• Konsultasjonsteam for vald og overgrep• Psykososialt kriseteam• Plan- og utviklingsarbeid i kommunen |
| Målgruppe | |
| Korleis kontakte oss? | Helsesjukepleiar eller lege han henvise til samtaleterapi kommunepsykolog. For andre henvendinger kan kommunepsykolog nås på mail: hanne.tvedt@solund.kommune.no |
| Aktuelle dokument | |



BUA Solund- utstyrssentral

| | |
|------------------------------|---|
| Kven er vi? | BUA står for Born - Unge - Aktivitet og er ein nasjonal ideell organisasjon som arbeider for at born og unge skal få prøve fleire og meir varierte aktiviteter |
| Kva tilbyr vi? | Gratis utlån av utstyr til sport og friluftaktivitetar Målet er å gje fleire høve til å være fysisk aktive gjennom å teste ulike aktivitetar, utan å måtte kjøpe utstyr. BUA ynskjer å bidra til betre folkehelse, redusere ulikskap og mindre forbruk. |
| Målgruppe | Tilbodet er fyrst og fremst retta mot born og unge, men alle kan låne. |
| Korleis kontakte oss? | Utlånsordninger BUA Telefon: 412 43 087 Epost: irene.vaulen@solund.kommune.no Besøksadresse: Storehaugen 4 c, 6924 Hardbakke Post: Hardbakke 26, 6924 Hardbakke |
| Aktuelle dokument | |